

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

24.søndag i treeiningstida – 19.november 2017

Preiketekst: Matt 18,1-6, 10-14

Lesetekst I: Salme 8,2-10

Lesetekst II: Fil2,3-11

Menneske er ikkje til sals

Reformasjonssøndag nr. 4 hausten 2017: Vi er komne til den siste av dei søndagane dette kyrkjeåret som er peika ut til å markere 500-årsjubileet for reformasjonen. Denne søndagen er tema: Menneske er ikkje til sals. - Noko av det som opprørte Martin Luther var som kjent avlatshandelen: «når pengane i kista kling, sjela ut or skjærselden spring». Dette er eit kjent sitat som eigentleg og djupast går på feil vurdering av menneske.

Menneskerettar har opp gjennom tida vore i fokus på ulike måtar, frå slavehandel til arbeidarane sine rettar, rettar for farga menneske osv. I kyrkja vil menneskeverdet alltid vere eit sentralt tema. No er det heller ikkje vanskeleg å finne døme på dagsaktuelle tema: menneskehandel, prostitusjon, flyktningar, økonomisk urettferd osv. «Menneske sin verdi» er såleis eit hovudtema denne søndagen.

Lesetekstane:

Salme 8 med sine poetiske skildringar er ein av dei mest kjente salmane i Bibelen. Undringa over himmelrommet, månen og stjernene fører til lovsang og takk. I salmen ser vi ein kontrast mellom Guds herlegdom og lovsongen frå dei minste. «Kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit menneskebarn – at du tek deg av det?» Borna vert nemnt som døme på små og hjelpelause. Likevel er dei eit meisterverk (sjå og Salme 139,13-15). Munnen deira har livsens pust i seg og vitner dermed om livet sin Herre. Tenk at Gud som står over alt, bryr seg om menneske og har gjeve dei eit forvaltaroppdrag. I dette vert Gud prisa: «Herre, vår herre, kor herleg er ditt namn over heile jorda.»

Filipparbrevet kap 2 kjem med ei formaning til kyrkjelyden om å likne Kristus. Mennesket er sett høgt i skaparverket, jfr. Salme 8, men det kallar og på ansvar. Det er viktig audmjukt å finne sin plass i høve til skaparverket, andre menneske, til seg sjølv og ikkje minst Gud. Inkarnasjonen knyter Gud i himmelen saman med den skapte verda og menneska. At Jesus vert fødd inn i vår verd, i eit bestemt folk, og i eit bestemt land, uttrykkjer ein identifikasjon med menneska. Gud blir ein av oss – han vert fødd som ein av jorda sine små. Dette gjev oss og eit særskilt fokus på dei små og utsette i verda. Teksten vert avslutta med det som også ein gong skal skje: «kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre.» (v.11)

Preiketeksten:

«**Dei minste er dei største**». Kanskje nett det kan stå som ei overskrift over rekka av Jesus-ord som kjem hos Matteus i dette kapitelet. Det er livet i kyrkjelyden som vert sett fokus på, og i det

riket som Jesus er herre i. For Matteus er dette eit viktig lærespørsmål: kven som er størst i himmelriket. Som skriftlærd, skolert i rabbinisk tradisjon, veit han at slikt vert diskutert der. Læresveinane er opptekne av dette; mor til Sebedeussønene ber seinare om ein heidersplass i Jesu rike (20, 20-28).

Menneska sin sanne natur kjem fram her. Sigrid Undset sitt utsagn står ved lag: «Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager». Kor lett vi har for å måle oss opp mot kvarandre. Kor lett det er å plassere kvarandre i boksar ut frå status, popularitet, utsjånad, økonomi osv.

Når læresveinane spør Jesus kven som er størst i himmelriket, svarar han med ei likning, noko som og var vanleg til dømes hos profetane. Han ropar på eit lite barn. Det syner og at dei fekk vere tiltades der Jesus var, også det annan praksis enn vanleg.

Barnet

I den antikke verda var eit barn for ingenting å rekne. Filosofen Platon til dømes, som levde 400 f. Kr, hadde ikkje noko å seie om barnet. Dei hadde ikkje nokon rettar og kunne ikkje stille krav. Hos jødane var barnet derimot teikn på Guds gåve og velsigning. Jesus går enno lengre og gjer det til eit førebilete i trua. Dei minste er dei største i himmelriket! Både her og andre stader syner han deira verdi. Det er «bakvendtlandet» si lov som gjeld! Det har også gjort noko med den kulturen der kristentrua har blitt sterk og berande. Vi har vanskeleg i dag for å forstå kor radikalt dette var den gongen. Barnet blir ein modell for det store i Guds rike!

V. 10–11. Ta dykk i vare så de ikkje ser med forakt på ein einaste av desse små!

Her er «dei små» eit utsegn om born, men kan også visseleg gå på andre utsette grupper.

Avsnittet mellom dei to tekstane vi har i preika denne søndagen, v.6-9 er ein av dei skarpaste åtvaringane i Jesu undervisning: om ein kvernstein rundt halsen for «dei som lokkar til fall ein av desse små som trur på meg». Ofte i brevlitteraturen ser vi og det ansvar «dei sterke» har for «dei svake». Stadig utfordrar Jesus leiarane som handsamar dårleg utsette grupper som born, sjuke, fattige osv.

Når Jesus nyttar dei små som modell for dei største i himmelriket, vert våre haldningar til alt som vert sett på som lite i denne verda utfordra. Jesus er kommen for å leite etter dei bortkomne, slik siste del av teksten understrekar. Om vi ser ned på dei små, står vi i fare for å forakte Jesus og hans vilje!

Menneske er ikkje til sals

Dette viktige reformasjonstemaet ønskjer å hjelpe oss til å løfte fokus på mennesket sin verdi. Alle som har sitt arbeid med menneske som er utsette på ulikt vis, veit noko om utfordringane. Kanskje nokon denne søndagen kan inviterast til å fortelje om sine erfaringar? Det kan både vere frå offentlege helseinstitusjonar eller private organisasjonar som arbeider med utsette grupper: Det er mange diakonale organisasjonar som gjer ein uvurdeleg innsats. På heimesida til Den Norske Israelsmisjon kan ein lese følgjande om **Machaseh**:

« I Jerusalem støtter DNI diakonalt arbeid blant de mest marginaliserte menneskene i det israelske samfunnet, uavhengig av religion, kultur og etnisitet. Gjennom partnersamarbeidet med Machaseh kommer vi i kontakt med mange mennesker som på ulike vis har erfart livets skyggeside. Vi vil vise nestekjærighet til de som har blitt utsatt for ulike typer overgrep. Marchaseh betyr tilfluktsted. Machaseh gir mennesker et glimt av himmel midt i en tung og vanskelig hverdag, der mennesker blir sett, anerkjent og verdsatt.» - Den siste setninga kan stå som eit motto for alle som arbeider med utsette menneske, på gata, med incestoffer, med forfølgde, med menneske utsett for menneskehandel og trafficking, med fengsla osv. Utfordrande tema som bioteknologi og abortpraksis høyrer og med i den temakrinsen vi i dag har fått.

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no